



AV TUVA BJØRKVOLD, FORFATTAR, RESSURSLÆRAR  
FOR NYSGJERRIGPER OG HØGSKOLELEKTOR I  
NORSK VED HØGSKOLEN I OSLO OG AKERSHUS

## Kvifor Lesekrok i Nysgjerrigper?

Lesing er ei av fem grunnleggjande ferdigheiter som er innførte med Kunnskapsløftet. Lesing er ikkje lenger noko som berre er norsklæraren sitt ansvar. No er alle lærarar leseleærarar. Men kva betyr det eigentleg i praksis? Korleis kan ein jobbe med lesing i alle fag?

Det viktigaste elevane kan lære, er at dei ikkje alltid skal lese på same måten. Å leite etter fakta i ein tekst krev ei anna form for lesing enn det å lese for underhaldninga si skuld. Derfor må elevane få eit verktoy til å lese på ein formålstenleg måte, og få med seg det dei les.

Med Lesekroken vil Nysgjerrigper gi tips til korleis tekstane i Nysgjerrigper-bladet kan brukast til å auke lesekompetansen hos elevane. Til kvart blad får du ei ny utgåve av Lesekroken med utgangspunkt i ein av artiklane i bladet.

Lesekroken består av tre typar oppgåver. Den eine går på ein lesestrategi, den andre går på å lese mellom linjene (detektivlesing). I tillegg blir det ei oppgåve som tek i bruk andre innfallsvinklar. Kvar gong blir det ei kort teoretisk tilnærming til kvifor oppgåvene er laga som dei er.

UNDERVISNINGSSOPPLEGG TIL ARTIKKELEN «NASE FOR SJKUDOM» I NYSGJERRIGPER NR. 1-14



FOTO: SHUTTERSTOCK

## Visualisering

Å *visualisere* vil seie å danne seg eit bilete av noko i hovudet. Det kan vere av konkrete situasjonar, som korleis det er å ha ein elevsamtale, førestillingar av ei fantasiverd frå ei bok eller til dømes oppfatninga av eit ord. Visualiseringa er ei slags konkretisering ein gjer med tankane, ved at ein ser noko føre seg. Hjernen oppfatar visualiseringar som heilskapar, og dei er lettare å hugse enn berre ord. Difor er det nyttig å sjå føre seg situasjonar, vanskelege ord eller teoriar som bilete.

Ein del omgrep kan bli abstrakte for elevane. Sjølv om det på ein måte er konkret at luktpartiklar treffer nerveendar i nasen til hunden og sender signal til hjernen, så kan ein ikkje sjølv sjå dette om ein studerer ein hund. Sjølv forskarane får ikkje skikkeleg tak på kva det er som gjer at hundane kan kjenne igjen til dømes lungekreft. Det å omforme innhaldet frå tekst til ei visualisering kan hjelpe på forståinga av to grunnar. Som sagt vil heilskapen i eit bilete lettare feste seg i hjernen. For det andre klarer ein ikkje å gjere om eit innhald ein ikkje forstår, til ei visualisering. Å klare å danne indre bilete er difor ein måte å sjølv kontrollere at ein forstår det ein les.

Korleis ein visualiserer, er opp til kvar einskild, og ein bør leggje vekt på at elevane finn eit bilete dei meiner er logisk. Illustratøren har på side 21 nytta mange postboksar med ulike nøklar som eit bilete på kor avansert luktesansen er. For andre er ikkje det så logisk. Nokre vil kanskje sjå føre seg ein hund som kan lukte seg fram til nøyaktig kva for ei ert nokon har tatt på. Elevane skal som ei av oppgåvene sjølv visualisere kva som skjer i hovudet på hunden når han luktar. Kanskje ser nokre luktpartiklane som små databrikker med informasjon som jobbar seg veg mot harddisken i hjernen? Andre kan tenkje seg lukta som puslespelbitar, som lengtar etter nokon å passe saman med. Få fram ulike døme i klassen, og peik gjerne på korleis dette er ei hjelp ein sjølv skapar for å forstå teksten betre.



## Om Nysgjerrigper

Nysgjerrigper er Forskringsrådet sitt tiltak for elevar og lærarar i barneskulen. Hovudmålet er å oppmuntre barn og unge til å ta vare på og dyrke nysgjerrigheita, forskartrongen og fantasien sin. Nysgjerrigper vil auke interessa for forskning og vitskap – og håper fleire unge menneske vel forskning som karriereveg.

I tillegg til eit eige vitskapsmagasin inkluderer tiltaket nettstad og ulike lærartilbod – blant anna rettleiing i korleis barn kan arbeide med eit forskingsprosjekt.

Les meir om tilboda og aktivitetene i tiltaket på [nysgjerrigper.no](http://nysgjerrigper.no)





Av Tuva Bjerkvold



# Oppgaver til «Nase for sjukdom»

## 1. Å ha nase for noko

Å ha nase for noko tyder at ein har ekstra god peiling på det, på ein måte som andre kanskje ikkje forstår. Ein fotballspelar kan ha nase for når det er lurt å gå opp i angrep, og ein avisredaktør kan ha nase for kva som vil vere ei god framside.

Jobb to og to.

Snakk saman om kva de har nase for, og kva de skulle ynskje at de hadde nase for.

## 2. Detektivlesing

- a) Kva for andre sansar har hunden enn luktesansen?
- b) Studer både tekst og bilete. Kva for skilnader er det på nasen til hund og menneske?
- c) Kva for nytte har hunden og menneske av at hunden har så god luktesans?

## 3. Visualisering

Jobb to og to.

- a) Studer illustrasjonen øvst til høgre på side 21.
- b) Kva har illustratøren forsøkt å teikne?
- c) Korleis ser de for dykk kva som skjer i hovudet på hunden når luktpartiklar kjem snikande inn gjennom nasen? Fortel kvarandre kva for bilete som poppar opp i hjernane dykkar.

